



VANYLVEN KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

<i>Saksnr:</i> 2012/1077	<i>Arkiv:</i> 010	<i>Avd/Saksansv:</i> SER/KVAKAR
-----------------------------	----------------------	------------------------------------

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
158/2012	Formannskapet	04.09.2012

Høyring: Forslag til endringar i vallova og valforskrifta

Tilråding:

Vanylven kommune støttar føreslegne endringar i vallova og valforskrifta slik dei kjem fram i høyringsnotat av 4. mai 2012 frå Kommunal- og regionaldepartementet.

Vedlegg

- 1 Utvalde aktuelle sider frå høyringsnotat av 4. mai 2012 frå Kommunal- og regionaldepartementet: Forslag til endringar i vallova og valforskrifta

Saksopplysningar:

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt ut på høyring forslag til enkelte endringar i vallova og valforskrifta; jfr. vedlagde utvalde sider frå høyringsnotatet. Heile høyringsnotatet på 93 sider som også inneholder evaluering av valet i 2011 er tilgjengeleg på departementet sine internetsider. Høyringsfristen er forlenga til 10. september 2012.

Elles kan ein opplyse at kommunal- og regionaldepartementet innfører eit nytt elektronisk valadministrativt datasystem (EVA) som kommunane vil nytte ved stortingsvalet 2013.

Vurdering og konklusjon:

Det ligg føre forslag til følgjande lovendringar:

- *Manntal:*
 - a) *Ansvar for etablering og oppdatering av manntal vert overført til statlege myndigheter.*
 - b) *Det blir etablert ein frysdato for når manntalet ikkje lenger kan endrast (laurdag før valdagen).*
 - c) *Det blir etablert eit førebels manntal pr. 2.januar i valåret.*
 - d) *Forskriftsheimelen rundt manntalsføringa vert noko utvida.*

Det er positivt at det vert gitt tilgang til eit førebels manntal allereie frå 2. januar. Dette er ei forbetring av eksisterande ordning som gir tilgang til manntal frå 1. april. Elles medfører ikkje dette vesentlege praktiske endringar for oss. Ingen merknad.

- *Kommunane sitt ansvar for å vurdere kor eigna og tilgjengelege vallokala er vert presisert i lov.*

Dette er ei opprydding og presisering av gjeldande regelverk og gjeld både for lokala for førehandsrøysting og på valdagen. Lokala skal vere eigna til røystegjeving, m.a. vil det innebere at veljarane føler seg trygge i situasjonen og trygge på at grunnleggande tryggleiksrutiner vert ivaretakne. Lokala bør ha eit visst offisielt preg.

Krava til tilgjengeleight omfattar både tilgjengeleight til vallokala og inne i sjølve vallokala. Alle vallokala skal vere lagt til rette for alle veljargrupper.

Vi sluttar oss til at dette vert presisert i vallova.

- *Det vert innført nye reglar for førehandsrøystinga for veljarar som røystar i eigen kommune, ved at veljar legg røystesetet direkte i urna etter at denne er stempla og elektronisk kryssa av i manntalet for godkjent røystegjeving.*

Dette er den viktigaste endringa i forslaget til endringar i vallova. Noverande prosedyre er som kjent at veljaren inne i avlukket legg røystesetelen i røystesetelkonvolutt. Veljaren går deretter til røystemottakar. Valkortet vert så lagt saman med røystesetelkonvolutten i omslagskonvolutt med vindauge. Røystemottakar har då datert, skrive tid og stad og signert på valkortet.

Omslagskonvolutten vert limt igjen og lagt i urna.

Departementet peikar på at en del veljarar ikkje har tillit til at røysta er hemmeleg når valkort og røystesetelkonvolutt med røystesetel vert lagt i same omslagskonvolutt. Det kan vere forståeleg.

Vi er samde i at det vil vere ein fordel at førehandsrøystinga er mest mogleg lik røystinga på valdagen. Det fører til mindre forvirring hos veljarane og større tillit til at valet er hemmeleg når ein slepp opplegget med konvoluttar og valkort i omslagskonvolutten. Oppteljingsprosedyren på valdagen går dessutan raskare. Dette stiller større krav til røystemottakarane. Difor det siste forslaget til endring av vallova:

- *Det vert stilt krav om at minst to røystemottakarar skal vere tilstade ved mottak av førehandsrøyster.*

Departementet understrekar at det er nødvendig å innføre krav om at det skal vere to personar når ein mottek røyster og ein samtidig godkjenner desse. I dag er det krav til to røystemottakarar berre ved ambulerande mottak og institusjonsrøystegjeving, og ved godkjenning av førehandsrøyster. Det vert vidare peika på at røystemottakar har både manntalet (elektronisk), røystesetlar, stempel til stempling av røystesetelen og urne tilgjengeleg. Når røysta vert godkjent i det den vert avgitt, kan røystesetelen ikkje tilbakesporast. Eventuelle feil vil difor få større konsekvensar sidan dei ikkje kan rettast. Ein understrekar at ved at to personar er til stades vil det auke kvaliteten på gjennomføringa. Det er også naudsynt for å sikre tilliten til valordninga og verne valfunksjonærar mot mistenkeleggjering.

Minst to røystemottakarar må då heile tida vere tilgjengeleg i opningstida for førehandsrøysting. Dette må det vere mogleg å få til. Her bør det leggast opp til ei tydeleg arbeidsdeling mellom dei to røystemottakarane. Den eine har ansvaret for å søkje opp veljaren i manntalet og avkrysse elektronisk i det han/ho legg røystesetelen i forsegla urne, medan den andre stemplar den bredda røystesetelen og ser til at veljaren legg setelen i urna.

Vi finn forslaga om å kutte ut konvoluttane ved førehandsrøystinga og kravet om to røystemottakarar ved førehandsrøystinga fornuftige.

For veljarar frå annan kommune, ved tidegrøystegjeving 1. juli – 9. august (Ordinær førehandsrøysting startar 10. august), og i spesielle tilfelle som t.d. dataproblem må ein nytte gammal ordning med konvoluttar.

I tillegg foreslår ein følgjande forslag til forskriftsendring:

- *Det vert i forskrifta fastsett ein standard mal med krav til utforminga av røystesetlar ved stortingsval.*

Ingen merknad.

Fiskå, 28.08.2012

Gudmund Sandnes
rådmann

Kåre Kvægarsnes
konsulent